



METODERAPPORT TIL SKUP 2025

Skullet bedrar

- når fiskejuks lønner seg

Innsendarar:

Svein Aam, Kristian Klemetzen, Eirik Meling, Staale Wattø.

Andre bidragsytarar:

Liv-Jorunn Håker, Sebastian Lerpold

Innholdsfortegnelse

1. Innleiing	3
2. Slik kom arbeidet i gang	3
3. Bakgrunnsbildet	3
4. Oppstartsfasen: Dette var hypotesane	5
5. Metodebruk: Vi er tettare på folk	6
6. Den usynlege laksemillionæren	7
7. Pengesporet	9
8. Etske og metodiske dilemma	10
9. Om motstand	11
10. Dette er nytt	12
11. Konsekvensar	14
12. Vedlegg	14

1) Innleiing

Vi observerte at fleire selskap innan bearbeiding/sal/eksport av laks i Sunnmørspostens dekningsområde hadde hatt ein formidabel vekst over fleire år, med til dels store overskot. Felles for dei synest å vere handel med nedklassifisert laks, der ulovleg eksport kunne vere ein del av bildet.

Ein person hadde spesiell interesse: Stig Sætre. Han eigde og styrte eit selskap som hadde tidobla omsetnaden på 3-4 år, men som det var lite ope informasjon om. Hans vesle selskap Seawest selde laks for nesten 700 millionar kroner i året, og han hadde den tredje høgste inntekta i Ålesund. Men kven var han og kva var bakgrunnen for suksessen?

Sunnmørsposten har over tid hatt ambisjonar om å dekke fiskerinæringa tettare. Dette er ei særst viktig næring for Norge, med tanke på eksportverdi, og sjølvsagt enda viktigare på kysten kor selskapa har si aktivitet og kor arbeidsplassane er. For Sunnmørsposten sin del, på grunn av vårt dekningsområde på Nordvestlandet, så må vi følgje med på både villfisknæring og oppdrettsnæring, Omsetning og driftsmarginar er særleg store innan havbruk og eksport av oppdrettsfisk. Arbeid med saka av såkalla produksjonsfisk kjem derfor som del av ei større fiskerisatsing i Sunnmørsposten.

2) Slik kom arbeidet i gang

I fiskerimedia var det i løpet av 2024 fleire saker om at Mattilsynet hadde oppdaga ulovleg eksport av såkalla produksjonslaks – det vil seie laks med feil og manglar. Produksjonsfisken har eit heilt anna prisnivå enn laks av normal og høg kvalitet (ordinær/superior.) Difor er det potensielt svært lønsamt å få laksen oppgradert, eller å eksportere den ulovleg.

Sidan nokre av selskapa, og involverte personar, som hadde vore i Mattilsynet sitt søkjelys var heimehøyrande på Sunnmøre var det naturleg for Sunnmørsposten å sjå nærmare på aktiviteten knytt til denne delen av laksebransjen. I løpet av hausten 2024 byrja fiskeri/havbruksjournalist Svein Aam med grunnleggande research.

3) Bakgrunnsbildet

Produksjonsfisk er nedklassifisert fisk (laks og aure), typisk med sårskadar. Det er «fisken ingen skal sjå», sidan den kan skade omdømmet til norsk laks. Den er ulovleg å eksportere som den er, og må «feilrettast» på godkjente anlegg. Norsk lakseindustri har eit ambivalent forhold til regelen. Eksportforbodet sikrar billige råvarer til norske


foredlarar. Men fleire av dei store norske selskapa har også anlegg i utlandet, og vil gjerne ha høve til å bruke produksjonsfisken der. Dermed er bransjen splitta.



Andelen produksjonsfisk som kom inn til slakteria låg lenge på rundt fem prosent av slakta fisk, men i perioden 2020-2024 auka andelen kraftig, og var ei stund oppe i 40 prosent. Bakgrunnen var manetåtak og sjukdomsproblem i oppdrettsanlegga.

Grafen viser hvor stor andel av slaktet fisk som var produksjonsfisk fra 2018 til 2024. X-aksen viser år-ukenummer og y-aksen viser andel i prosent.

— Andel produksjonsfisk (%)



Kilde: Mattilsynet • Laget med [Datawrapper](#)

Fiskerimedia, først og fremst Ilaks.no, skreiv fleire artiklar om selskap som hadde drive ulovleg eksport i 2023/24. Deira primærkjelde var tilsynsrapportar og vedtak i Mattilsynet. Mattilsynet sin vanlegaste reaksjonsmåte ved brot på regelverket (Kvalitetsforskrifta) var svært mild. I dei fleste tilfelle vart det gitt pålegg om å endre praksis slik at den vart innanfor regelverket, i tillegg til at Mattilsynet gav «vegledning» om regelverket. Nokre alvorlege tilfelle hadde blitt meldt til politiet, men med eitt unntak

hadde desse sakene blitt henlagt. Det var tydeleg at politiet ikkje hadde prioritert sakene.

Det var tilsynelatande lønsamt å jukse og liten risiko for å få straff. Dette er ein situasjon som kan gi grobotn for økonomisk kriminalitet. Den journalistiske utfordringa låg i å synleggjere denne situasjonen, og å eventuelt avdekke økonomisk kriminalitet. Vi ønskte også å setje søkjelyset på at det som i utgangspunktet er ei fiskevelferdsproblem for oppdrettsnæringa såg ut til å ha blitt god forretning for eksportørar og produsentar av lakseprodukt. Dette kunne vere både knytt til sal av fisk med sår og manglar (produksjonsfisk) men også ulovleg omsetting av sjuk fisk og sjølvdød fisk.

Ein systematisk og kritisk gjennomgang av laksebransjen på Nordvestlandet ville vere ressurskrevjande. Det kunne vere snakk om ulovlege forhold og det var store pengar involvert. Vi måtte også setje kritisk søkjelys på store selskap, og på personar som tilhørde den økonomiske eliten i Ålesund – ein by som er bygd opp på handel med fisk.

Vi byrja med å sjå på dei selskapa i vårt nærområde som hadde fått vedtak mot seg frå Mattilsynet, knytt til bearbeiding eller handel med produksjonsfisk. Sidan handel med fisk skjer i fleire ledd frå oppdrettar via slakteri, produsent og eksportør, var mange andre selskap indirekte involvert, inkludert dei store oppdrettselskapa. Kunne det vere snakk om eit nettverk? Dette måtte vi prøve å finne ut av.

4) Oppstartsfasen: Dette var hypotesane

Ideskisser lagt fram for leiinga i desember 2024, og det vart gitt grønt lys for eit graveprosjekt under leiing av Eirik Meling. Etter innleiande research knytt til 10-15 selskap identifiserte vi 5-6 selskap av spesiell interesse. Felles for desse var stor vekst på kort tid.

Minimumsnivået på prosjektet ville vere å fortelje om desse selskapa og kva som låg bak suksessen, kall det gjerne å synleggjere forretningsmetodane. Vi forventa at vi kunne fortelje at det hadde vakse fram ein industri basert på eit velferdsproblem i laksenæringa. Og at mangelfull handheving av lovverk legg til rette for juks.

Maksimumsnivået ville vere å avdekke at det har vore svært lønsamt med systematisk juks, og at enkeltselskap i vårt område hadde drive med denne typen juks/kriminalitet.

Oppstartsmøtet var i starten av desember 2024. I løpet av januar 2025 vart Kristian Klemetzen frigjort frå deskarbeid, og sett inn i teamet. I tillegg skulle Staale Wattø vere fotograf.

5) Metodebruk: Vi er tettare på folk

I SKUP-samanheng har det vore vanleg å framheve arbeid med skriftlege kjelder, anten det er smart innhenting av skriftlege kjelder eller smart analyse av skriftlege kjelder/datamateriale.

Skriftlege kjelder er naudsynt for å dokumentere fakta. Men ein journalist kjem ikkje langt utan munnlege kjelder også. Å snakke med folk, og å få gode kontaktar, er den klassiske metoden for å kome seg forbi stengde dører, inn i lukka rom og stader med mørke krokar. Her har vi som arbeider i forholdsvis oversiktlege lokalsamfunn ein fordel. Vi er tettare på folk.

Å byggje eit kjeldenettverk tek tid. Du gjer det ved å vere til stades på kjedelege konferansar og møter, ved å ta ein telefon, ved å banke på dører, ved å reise ut og lage reportasjar. Du må snakke med folk når det byr seg eit høve. Det beste er å møte ansikt til ansikt. Det nest beste er å ta ein telefon. Eit intervju på e-post kan aldri erstatte eit intervju basert på munnleg dialog. Aldri.

Ein journalist må vere aktiv og manøvrere i det miljøet han eller ho dekkjer og opparbeide seg tillit. For å byggje tillit må du spele med opne kort. Du må vise at du kan ta omsyn, men ikkje vere redd konflikter. Og du må kunne vere hard mot dei harde når det trengs.

Den som får tillit får også informasjon. Så må du i neste omgang vurdere denne informasjonen kritisk. Du må skilje rykte og sladder frå spekulasjonar og fakta. Rykte og sladder skal vi ikkje publisere. Dersom vi publiserer spekulasjonar og påstandar skal vi presentere det som spekulasjonar og påstandar. Og når vi publiserer noko som fakta, så skal det dokumenterast.

I den avslørande journalistikken er det eit velkjent og godt råd å følge pengestraumane. Men det kan vere like fruktbart å følge personane. Ei personorientert inngang passar godt i eit relativt oversiktleg miljø som fiskerimiljøet i Ålesund og på Sunnmøre. Her kjenner alle kvarandre, og alle har noko på alle.

I 2004/2005 gjennomførde Svein Aam og Bent Botten graveprosjektet «En liten fisk». (Sjå skuprapport: <https://www.skup.no/sites/default/files/metoderapport/2005-03%2520En%2520liten%2520fisk.pdf>)

Dette var fleire artiklar som handla om tvilsame forhold innan fiskeeksportbransjen på Nordvestlandet. 20 år seinare var mange av dei same aktørane framleis aktive. Ikkje berre det: Nokre hadde slått seg stort opp. Kva hadde skjedd på desse åra? Det måtte kartleggast, og ei slik kartlegging måtte gå rundt 20 år tilbake.

5-6 selskap var av openberr interesse i vårt sakskompleks knytt til produksjonsfisk. Selskapa hadde til dels oppsiktsvekkande vekst, dei hadde hatt enkeltsaker gåande med Mattilsynet, og fleire involverte personar hadde ei fortid med konkursar og/eller tvilsam forretningsdrift.

Dei innleiande undersøkingane viste at det også var fleire andre som hadde hatt saker gåande med Mattilsynet, og som burde kikast i korta. Det var forgreiningar til andre stader i landet og til utanlandske selskap.

I kartlegginga av involverte personar kunne vi innleiingsvis dra nytte av arbeidet til kollegane Harald Skotheim og Camilla Hjelmeset ([Konkursnettverket, Skuprappport 2024](#)). I dette arbeidet hadde Sunnmørsposten utarbeidd ein søkemetode som raskt får fram rolleoversikt og sentrale selskapsopplysingar tilbake i tid. Her er tidlegare konkursar spesielt interessant.

Sentrale dokumentkjelder i vår kartlegging var: Rekneskap, norske og utanlandske selskapsregister, bustyrerapportar, dommar/kjenningar og andre straffereaksjonar, i tillegg til dokument frå offentlege instansar, i første rekke Mattilsynet.

Med 10-15 selskap i søkjelyset, og eit stort tidsspenn, blir dette mange dokument. I denne typen kartlegging er det ikkje så mange snarvegar, sjølv i KI-tidsalderen. Alle rekneskap må lesast nøye– med notar og det heile. Du må leite etter puslespelbrikker, ei for ei. Det same gjeld bustyrerapportar frå konkursar.

Det kan vere lurt å byrje med bustyrerapportar, som er forholdsvis enkle å få tak i gjennom å vende seg til tingrettane. Her kan vi finne spor som leier vidare til politimeldingar og eventuelle straffereaksjonar. Desse må så følgast opp med politiet, noko som kan vere ressurskrevjande når det er snakk om forhold som ligg tilbake i tid.

Vi opplevde at Møre og Romsdal politidistrikt nekta å svare på korleis politiet følgde opp ein politimelding frå bustyrar i eit selskap som gjekk konkurs i 2016. Avslaget frå politiet var grunngitt teieplikt, og at forholdet var tilbake i tid. Vi anka avslaget til Statsadvokaten og fekk medhald. Men det som kom ut av alt papirarbeidet var innsyn i eit førelegg som vart vurdert som uvesentleg, og ikkje nemnt i den publiserte saka.

6) Den usynlege laksemillionæren

Vi bruker kartlegging av Ålesund-selskapet Seawest som døme på kompleksiteten i eit kartleggingsarbeid. Den sentrale personen hadde gått konkurs fem gongar med ulike

selskap som har drive med sal av fisk, men klarte å halde forretningane i gang, og vekse, sjølv gjennom konkurskarantene. Han har og fleire dommar og førelegg for ulike forhold over ein 20-30 års periode.

I følge eigne heimesider har Seawest internasjonale forgreiningar mellom anna til USA og Polen. Bildet av eit internasjonalt konsern står ikkje heilt i stil med selskapet sine kontorlokale, som ligg tett ved Sunnmørsposten sin redaksjon. Det var ikkje folk til stades når vi oppsøkte selskapet, og det var ikkje mogleg å få avtale om intervju med eieeigar og direktør Stig Sætre. Signala var eintydige: Her var ein person som ikkje ville ha merksemd rundt seg sjølv og forretningane.




I kartlegginga av Stig Sætre og Seawest var det klart at det måtte gjerast undersøkingar i Polen. Det var hit Seawest eksporterte mykje fisk, og her hadde dei, i følge eigne heimesider, sitt eige produksjonsanlegg. Vi knytte til oss den norsk-polske journaliststudenten Sebastian Lerpold som tolk og researchar. Men det viste seg å vere vanskeleg å finne relevant informasjon. Selskapsopplysingane som var offentleg tilgjengeleg i Polen var ufullstendige.

Men gjennomgangen av Seawest sine norske rekneskap hadde gitt oss eit interessant namn: Jerzy D. (etternamn utelatt i denne rapporten). Jerzy D. kom inn som styreleiar det året Stig Sætre fekk konkurskarantene, og sat i seks år. I denne perioden hadde selskapet ein formidabel vekst, trass i berre 2-3 tilsette og ein eigar i konkurskarantene i to år. Korleis kunne det henge saman?

Vi måtte få Jerzy D. i tale. Vi hadde verken e-post eller telefonnummer eller andre kontaktopplysingar, berre ei adresse på landsbygda i Polen, som også vart brukt av eit selskap som framstod som eit polsk datterselskap av Seawest.

Til slutt valde vi å satse på ein metode som er like gammal som journalistikken: Gå og bank på døra! Kristian Klemetzen og fotograf Ståle Wattø reiste til Polen. Dei banka på døra hos Jerzy D. og dei slapp inn. Han hadde i utgangspunktet ingenting å skjule, sidan det ikkje er ulovleg å importere laks med feil og manglar til Polen. Jerzy D. hadde heller ikkje noko imot å snakke om den mediesky Stig Sætre, og han skaffa oss tilgang til produksjonslokalet der Seawest bearbeidde sin laks.




7) Pengesporet

Ein sentral del av arbeidet handla om å få fram det økonomiske potensialet i handel med produksjonslaks - både lovleg bearbeiding og ulovleg eksport. Detaljerte kjøp og salsprisar er sensitivt materiale, så her måtte vi ha hjelp frå insiderar i bransjen. (Metode: Får du tillit, så får du informasjon)

Dermed kunne vi lage ei framstilling som viste at prisforskjellane på produksjonslaks og superior laks var opp til 100 kroner per kilo i 2024. Med andre ord: Stor oppside for den som kunne oppgradere laksen på anten den eine eller andre måten.

Prisforskjell

Den øverste kurven viser eksportpris per kilo for superior laks solgt til utlandet første halvår 2024. Den nederste kurven viser innkjøpspris per kilo for produksjonsfisk for en stor aktør i bransjen. X-aksen viser ukenummer i 2024, y-aksen viser prisen i norske kroner.



Laget med [Datawrapper](#)

Desse prisopplysningane var sentrale også for sak nummer to i sakskomplekset - A&O Seafood Export. Sentralt i denne saka var å få fram den potensielle gevinsten i den ulovlege eksporten som selskapet sin eieigar hadde innrømme å stå bak.

8) Ethiske og metodiske dilemma

Å grave i fortida til personar fører til etiske dilemma. Det kan vere freistande å ta med alt gammalt grums for å bygge opp bildet av ein aktør som opererer på kanten av lova og nokre gonger i strid med lova. Men i kor stor grad skal personar bli innhenta av si fortid? Her må det gjerast etiske avvegingar. Vi tok ikkje med alle gamle saker, men tidlegare konkursar, og moglege brot på konkursskarantene, meiner vi er relevant. Og sjølvstegt tidlegare saker knytt til regelbrot som produsent og eksportør av fiskevarer.

I hovudsaka (Seawest/ Stig Sætre) mangla vi bilde av hovudpersonen. Vi valde å bruke eit bilde frå facebookprofilen, men berre eit lite nærbilde. Vi kunne ha brukt andre bilde derifrå, men valde å ikkje gjere det sidan dei var tatt i privat og festleg samanheng.



← Stig Sætre, eier og daglig leder av Seawest. Foto: Facebook

Vi skal som hovudregel vere varsame med å identifisere personar som vert omtalt i samband med klanderverdige eller straffbare forhold. Men vi meiner det er godt innanfor med identifisering i desse sakene, sidan det er vanskeleg å skilje person frå selskap, spesielt når det gjeld Seawest.

Vi har mange munnlege anonyme kjelder, men har vore svært tilbakehaldne med å bruke deira opplysingar i publiserte saker. Gjennom ei slik anonym kjelde fekk vi dokument som viste at eit selskap hadde halde fram med ulovleg eksport etter at leiinga i selskapet etter eige utsegn hadde slutta med det.

Då vi tok kontakt for tilsvar kravde leiinga å få å få vite nøyaktig kva parti det var snakk om, men det kunne vi ikkje opplyse om utan at vår kjelde vart røpa. Dermed kunne vedkomande hevde at dei ikkje hadde moglegheit til å forklare korleis den aktuelle fiskepartiet med produksjonslaks frå dette selskapet hadde hamne i utlandet. Vi valde å ikkje bruke opplysingane i dette viktige dokumentet, og måtte parkere ei god sak.

9) Om motstand

Dette er «fisken du ikkje skal sjå», skriv vi innleiingsvis i den første saka. Utgangspunktet for eksportforbodet om produksjonsfisk er nettopp dette: Denne fisken skal ingen sjå, fordi den kan skade omdømmet il norsk laks, og dermed heile bransjen.

Difor var det ikkje så overraskande at vi møtte motstand og skepsis då vi bad ulike aktørar om å få kome inn på deira anlegg, for å fotografere, og skrive om, fisk med feil og manglar.

Vi argumentere med at vi også ville ha fram at den omstridde regelen om eksportforbod skaper arbeidsplassar og aktivitet i norsk fiskeindustri, fordi den har gitt norske selskap tilgang til billeg råstoff. Og at vi ville vere nøye med å få fram at laksen som har sår og manglar kan bli god mat. Det meiner vi at vi har gjort gjennom dei fire ulike artiklane.

Vi har tidlegare i rapporten framheva betydninga av å ha munnlege kjelder, og verdien av å kunne møte intervjuobjekta ansikt til ansikt. Men det vert stadig vanskelegare å få intervju med offentlege aktørar. Du får ikkje snakke med saksbehandlarane og

fagpersonane, som ofte sit i nærmiljøet. Du må i staden sende skriftlege spørsmål til ei kommunikasjonsavdeling sentralt, og så får du skriftleg svar. At tida går før du får svar er ei side av saka, verre er det at kvaliteten på svarea ofte er prega av runde, upersonlege og byråkratiske formuleringar. Stiller du vanskelege oppfølgingsspørsmål, kjem den nye og runde svar tilbake.

Mattilsynet gir god service knytt til krav om innsyn, og vi får alltid svar når vi vender oss til kommunikasjonsavdelinga. Men tilgangen til førstehandskjeldene i etaten er svært avgrensa. Vi har også opplevd at ein avdelingsdirektør viste til kommunikasjonsavdelinga då vi bad om intervju etter eit foredrag.

Mattilsynet er ein stor offentlig aktør, med mange tilsette rundt om i landet. Men informasjonen vert sentralstyrt. Lokale journalistar og lokale lesarar er opptekne av lokale forhold og saker. Då er det både uheldig og beklageleg at lokale representantar for dei statleg etatane ikkje vil eller kan (får ikkje lov til?) stille opp til intervju med lokalavisa.

Når vi skal skrive om personar som prøver å unndra seg merksemd skaper det utfordringar. Det kan synest som om slike personar trur at media droppar saka dersom dei gjer seg utilgjengelige. Dette er spesielt utfordrande i tilsvarsprosessen. Vår erfaring er at det då er best å sende over mest mogleg av materialet som skal publiserast på førehand. Då brukar Alvoret å gå opp for den/dei omtalte personane. Vi har også publisert spørsmåla vi ikkje fekk svar på. Det er viktig at desse er godt formulerte.



10) Dette er nytt

«En serie om laksen ingen skal se» er undertittelen på artikkelserien «Skinnet bedrar». Vi har vist fram denne laksen, og den ser ikkje pen ut. Dermed har vi også vist fram betenkelege sider ved norsk oppdrettsnæring, der velferdsproblema til fisken er så store at det har skapt ein eigen industri. Vi har konkret vist fram at fire selskap har bygd seg på til å bli store aktørar basert på denne fisken – både på lovleg og ulovleg vis.

Å talfeste fortene på den ulovlege aktiviteten er vanskeleg. Det peikar også politiet på i si trusselvurdering for 2025, der handel med produksjonsfisk er trekt fram i omtalen av potensiell økonomisk kriminalitet i fiskeri- og havbruksnæringa. Årsaka til at det er vanskeleg å talfeste fortene er at lovleg aktivitet vert blanda saman med lovleg aktivitet.

Hovudsaka «Den ukjente laksemillionæren i Ålesund» er ei historie om korleis ein av Ålesunds rikaste har bygd opp eit fiskeriselskap med stor vekst og fortene i det stille. At han har drive med ulovleg eksport er det Mattilsynet som avslørte, men vi har sett dette inn i ein større samanheng, og fått fram nye moment knytt til forretningsdrifta. Vi har vist at det har vore gjentekne tilfelle av ulovleg eksport. Vi har vist at kor stort innteningspotensiale er i handelen med denne fisken, og at det er liten risiko for straff fordi Mattilsynet ikkje kan eller vil ilegge reell straff, og fordi politiet ikkje har prioritert sakene.

Heller ikkje i saka om A & O Seafood Export er det egne avsløringar om ulovleg eksport, men vi har fått fram kor lønsamt dette har vore for selskapet og eigaren.


Det er heilskapen i sakene som er det vesentlege. Som det står i ingressen: «Laks med feil og mangler kan være en gullgrube - spesielt om den kan selges til utlandet.»

Dette har vi vist – ikkje berre fortalt.

For våre lesarar var det også nytt at Sjømatkompaniet, som er eit høgt profilert selskap i Ålesund, baserer drifta på «produksjonsfisk». Vi fekk fram at selskapet har selt fisk vidare til aktørar som har drive med ulovleg eksport, utan å følge opp kravet om at denne fisken skal feilrettast i Norge.

Vi har vist fram ei side av den viktigaste eksportnæringa i Norge etter oljen som ikkje har vore vist fram før, gjennom kritisk journalistikk.

Samstundes har vi fått fram at det den omstridde regelen som påbyr feilretting i Norge skaper lokale arbeidsplassar og verdiar. Det er også ein del av biletet.



11) Konsekvensar

Ei av årsakene til at det har vore lite risiko knytt til å jukse med eksport av produksjonsfisk er at Mattilsynet ikkje har høve til å skrive ut lovbrotsgebyr for brot på kvalitetsforskrifta. Vi stilte spørsmål til fiskeristatsråden om departementet vurdere å endre på dette, men fekk ikkje noko eintydig svar.

Vi kan ikkje vise til at våre saker har skapt vesentlege endringar førebels. Men sakene har vore med på å sette forholda i lakseindustrien på dagsorden. Dette vart forsterka av at NRK Brennpunkt hausten 2025 hadde saker om same problematikken.

Selskapet Seawest vart meldt til politiet i 2023. Meir enn to år seinare har ikkje politiet konkludert i saka.

12) Vedlegg

Artikkelserien Skinnen bedrar består av følgjande fire artiklar (alle kan lesast utan abonnement):

- 25. april 2025: Den ukjente laksemillionæren i Ålesund
<https://www.smp.no/nyheter/i/25kz5y/den-ukjente-laksemillionaeren-i-aalesund>

- 2. mai 2025: Konsulens jubelår
<https://www.smp.no/nyheter/i/rPjrGe/konsulens-jubelaar>
- 9. mai 2025: Fisk med feil bak suksessen
<https://www.smp.no/nyheter/i/25eoOx/fisk-med-feil-bak-suksessen>
- 17. mai 2025: Laksen berga fiskemottaket
<https://www.smp.no/nyheter/i/73O3b9/laksen-berga-fiskemottaket>

Vi vil i tillegg trekke fram følgjande oppfølgjarar:

- 15. mai 2025: Legger seg flat: – Slikt skal selvsagt ikke skje
<https://www.smp.no/naeringsliv/n/kwrkLL/legger-seg-flat-slikt-skal-selvsagt-ikke-skje>
- 19. mai 2025: Feil på 22 prosent
<https://www.smp.no/naeringsliv/n/MnGLbB/feil-paa-22-prosent>
- 2. juni 2025: Nytt gullår for Friberg og Hovland
<https://www.smp.no/naeringsliv/n/MnlP0B/nytt-gullaar-for-friberg-og-hovland>
- 7. november 2025: Krisemøte om lakseeksport
<https://www.smp.no/naeringsliv/n/OoR6qA/ulovleg-lakseeksport-krev-krisemoete>